



[Kåre Guddal i Byggeriet har også and-elsbrev til sals.](#)

Hvis du kjøper eit andelsbrev for 100 kroner til andeløpet i Uskedalselva under Aktivitetsdagen laurdag, går inntektene uavkorta til idrettslaget. Dermed bidrar ein effektivt til å gje barn og vaksne eit godt og rimeleg aktivitetstilbod. Du kan få kjøpt andelsbrev både på SPAR og Byggeriet og premiane burde vera eigna til å frista nokon kvar.

Dei to fremste premiane er verd 10.000 kroner.

Det er førstepremien, ein sykkel med ordinær salspris på 6.000 og andrepremien, ein sykkel verd 4.000 kroner.

Begge syklane er sponsa av Sport 1 på Husnes og dei kan eventuelt oppgraderast ytterlegare.

Det er også ein tredjepremie, eit gåvekort til bruk på Systrene Nilsen til ein verdi på 1.000 kroner. Premieutdelinga skjer umiddelbart

Det er 400 ender som er lagt ut for sal dette året.

Idrettslagets leiing melder at dei ventar seg eit nervepirranse race nedover elva med målgang eit stykke nedanfor brua.

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen